



### Rutine knytt til lønsutbetaling til utanlandske statsborgarar i kortvarige arbeidsoppgdrag

#### Eintydig identifikasjon

Alle som skal ha utbetalt løn/honorar frå HVO må identifiserast eintydig. Dette skjer normalt gjennom personnummer. Person som manglar personnummer kan verte tildelt D-nummer. D-nummer vert gitt personar som ikkje skal registrerast som busett i Norge eller til dømes fordi personen er skatte- eller avgiftspliktig til Norge.

Manglar personnummer eller D-nummer, må eintydig identifikasjon skje gjennom passnummer, social security number, tax identification number, eller VAT identification number (nytt frå 2015). Vanlegast er passnummer og vi treng kun ein vanleg kopi av passet.

#### Skatteplikt

Det er lengda på arbeidsoppgdraget som er utslagsgivande for kva rutine som må følgjast, jmf Skatteetaten sin «Rutiner ved tildeling av D-nr og skattekortutskrivning til utanlandske forelesere ol ved universitet, høyskoler og sjukehus».

##### **Arbeidsoppgdrag inntil 3 dagar:**

Skattyter vil ikkje bli skattepliktig for løn opptent i Noreg. Når inntekta ikkje er skattepliktig til Noreg, skal det ikkje tildelast D-nummer.

Be vedkomande fylle ut Skatteetaten sitt skjema «Søknad om skattekort/forskuddsskatt for utanlandske borgere» - RF-1209 og returnere det til høgskulen. Det bør gjerast samtidig som kontrakt vert skrive.

Send opplysningane til Personalkontoret (ilag med øvrig bilag, dvs kopi av pass, kontrakt og utfylt skjema «løn og godtgjersle»).

Personalkontoret sender e-post til [skattmidt@skatteetaten.no](mailto:skattmidt@skatteetaten.no) for handsaming. Det vert opplyst beløp til utbetaling, lengd på arbeidsoppgdraget og ei kort skildring av arbeidsoppgdraget.

##### **Arbeidsoppgdrag i 4 dagar eller meir:**

Arbeidstakaren er skattepliktig til Noreg, jf. «Rutiner ved tildeling av D-nr og skattekort-utskrivning til utanlandske forelesere ol ved universitet, høyskoler og sykehus».

Kva rutine ein må følgje her, er knytt til om arbeidstakaren har eit D-nummer eller ikkje.

##### **Arbeidstakar med D-nummer**

Be vedkomande fylle ut Skatteetaten sitt skjema «Søknad om skattekort/forskuddsskatt for utanlandske borgere» - RF-1209 og returnere det til høgskulen. Husk å gje opplysningar om D-nummeret. Bør gjerast samtidig som kontrakt vert skrive.

Send opplysningane til Personalkontoret (ilag med øvrig bilag, dvs kopi av pass, kontrakt og utfylt skjema «løn og godtgjersle»).

Personalkontoret sender e-post til [skattmidt@skatteetaten.no](mailto:skattmidt@skatteetaten.no) for handsaming. Det vert opplyst beløp til utbetaling, lengd på arbeidsoppdraget og ei kort skildring av arbeidsoppdraget.

### **Arbeidstakar utan D-nummer**

Arbeidstakaren fyller ut skatteetaten sitt skjema «Søknad om skattekort/forskuddsskatt for utenlandske borgere» - RF-1209. Arbeidstakaren må *personleg* møte på eit skattekontor\* og gjennomgå ID-kontroll i den hensikt å få tildelt D-nummer.

Ta med pass **og** kontrakt.

\*I Skatt Midt-Norge kan kontora i Trondheim, Ålesund, Kristiansund, Namsos, Steinkjer, Molde og Ulstein (Nb! Kun onsdag) – utføre ID-kontroll. Skattekontoret på Nordfjordeid kan også utføre ID-kontroll.

Tildeling av D-nummer tek ca 2 veker og først når dette er på plass kan skattekort tildelast. Utbetaling kan først skje når skatteopplysningar er gjort tilgjengeleg på Altinn. Dette sjekkar personalkontoret ved lønnskjøring.

### **Unntak frå personleg oppmøte**

I praksis vil det vere vanskeleg for ein gjesteforelesar med eit kortvarig oppdrag ved HVO å møte opp til slik ID-kontroll. Skatteetaten har opna for at det er mogleg å søke om unntak frå oppmøteplikt.

Også her må det sendast skriftleg søknad til skattekontoret med kopi av pass/gyldig ID-dokument, kopi av arbeidskontrakt med opplysningar om varigheit og oppholdet sin karakter, utfylt skjema «Søknad om skattekort/forskuddsskatt for utenlandske borgere» og ei grunngjeving på kvifor det vil vere svært vanskeleg å møte på ID-kontroll.

### **Framtidige arbeidsoppdrag**

Skatteetaten presiserer: **alle** arbeidsoppdrag skal behandlast separat, dvs. sjølv om eit tilfelle er funne ikkje skattepliktig, må det for kvart enkelt arbeidsoppdrag sendast søknad til skattekontoret for ei vurdering og utskriving av fritaksmelding, evt skattekort.

Ved fleire arbeidsoppdrag med varigheit på inntil 3 dagar hos HVO i løpet av eit år, kan arbeidstakaren bli skattepliktig. Dette vert opp til Skattekontoret å avgjere. Difor sender vi «Søknad om skattekort/forskuddsskatt for utenlandske borgere» i alle saker.